



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

FjellVAR AS
Lonavegen 20
5353 STRAUME

Vår dato: 08.06.2017
Vår ref.: 201401320-20
Arkiv: 313
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandlar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

Endring av vedtak om løyve til uttak av drikkevatt frå Fjæreidevassdraget med bakgrunn i klage.

Vedtak om regulering og uttak av drikkevatt frå Fjæreidevassdraget av 7.3.2017 er påklaga av FjellVAR AS. NVE har tatt klagen delvis til følge og endrar varigheit av konsesjonen til 10 år.

Bakgrunn for saken

FjellVAR AS fekk 7.3.2017 konsesjon til regulering og uttak av drikkevatt frå Fjæreidevassdraget i Fjell kommune. Tiltaket vil etter NVE si vurdering gje store ulemper for allmenne interesser knytt til anadrom fisk, eventuell elvemusling, landskap og friluftsliv. Same dato fekk Fjell kommune saman med Sund kommune også konsesjon til uttak av vatn frå Kørelen, ei etter NVE si meining betre vasskjelde med færre konsekvensar for allmenne interesser. Av denne grunn vart varigheit av konsesjonen for Fjæreidevassdraget avgrensa til 5 år. Dette med tanke på at ein då vil kunne ha anledning til å ta i bruk Kørelen som hovudvasskjelde. For ytterlegare vurderingar og oppsummering av saksbehandlingsprosess viser vi til vårt bakgrunn for vedtak KI-notat nr. 10/2017 av 7.3.2017.

Klagen

Tiltakshavar FjellVAR AS har i brev av 21.3.2017 klaga på NVE sitt vedtak.

«Vi viser til brevet dykkar av 24. februar 2015 om søknad om løyve til regulering av vassuttak frå Fjæreidevassdraget i Fjell kommune, Hordaland.

Ei slik regulering vil dessverre også ha negative følgjer, som nemnt i vedtaket frå NVE. Det er foreslått ei rekkje tiltak som vil betre situasjonen for vassdraget:

- minstevassføring på 8 l/s
- avhjelpande tiltak for å betre oppvandring, gyting og oppvekst av sjøaure
- tilrettelegging for oppvandring av ål

FjellVAR AS er positivt innstilt til desse tiltaka, som vil betre situasjonen til vassdraget nedstraums for Dam Fjæreide. Det blir peika på at nytt vassverk i Kørilen vil vere det beste alternativet, og konsesjonen gjeld derfor i 5 år frå vedtaksdato. Normal byggetid vil vere om lag

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81

7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

3 år frå vedtaksdato, noko som i praksis gir auka kjeldekapasitet i 2 år. Vi er av den oppfatning at vilkåra i konsesjonen ikkje vil hjelpe Fjell kommune med å sikre nok drikkevatt i periodar med lite nedbør eller dersom noko uføresett skulle skje, til dømes med det planlagde vasshandsamingsanlegget i Kørilen.

Det kan sjå ut til at NVE oppfattar dette som eit kortsiktig tiltak for å avhjelpe manglande kjeldekapasitet dei nærmaste åra. Fjell kommune har sidan Sotra blei landfast i 1972, hatt ei årleg befolkningsutvikling på 2,6 % og vore blant dei kommunane i Noreg som har hatt størst auke i folketalet. Dersom utviklinga held fram, vil folketalet auke til kring 50 000 i løpet av 25—30 år. Nye damforskrifter har medført auka krav til stabilitet og sikkerheit for eksisterande damkonstruksjonar. Det var derfor naturleg å sjå rehabilitering av damkonstruksjonen i samband med Fjell kommune sin strategi for å sikre nok vatn i framtida.

Det er få nedbørsmålarar i området, og NVE har rett i at det er knytt usikkerheit til avrenninga frå det aktuelle vassdraget. I tillegg veit vi lite om kva verknad eventuelle endringar i klimaet vil føre til. Nokre modellar peikar på meir nedbør, men også lengre tørkeperiodar.

Kulvert i Apalvågen

Nede ved sjøen er det tidlegare etablert ein kulvert som fungerer meir som eit vandringshinder. Dette er eit tiltak som er gjennomført tidlegare, og som påverkar situasjonen i vassdraget. Vi er positive til å betre tilhøva langs vassdraget for å betre tilhøva for sjøaure. Dei tiltaka ein har foreslått, vil betre tilhøva for sjøaure, men vil truleg ha liten verknad på dei skadane som tidlegare er påført vassdraget.

Drikkevassforskrifta


Drikkevassforskrifta stiller krav til at kommunen skal kunne levere nok vatn i alle situasjonar, også i ein eventuell krigssituasjon. Det er mellom anna krav til reservevassforsyning dersom eit anlegg får driftsstans. Den nye drikkevassforskrifta skjerpar kravet til sikkerheit i vassforsyninga ytterlegare. Vi er samde med NVE i at Kørilen er det beste alternativet med omsyn til både naudverdiar og allmenne interesser. For å sikre nok kapasitet må Fjell kommune gjennomføre ein ROS-analyse for å sjå kor det kan bli problem med svikt i drikkevassforsyninga. Lista vil kanskje vere uendeleg, men ein kan tenkje seg for eksempel brann i vassverket, lynnedslag, sabotasje, forureina kjelde osv. Som eit ledd i den langsiktige strategien med å sikre vassforsyninga i kommunen må det vere nok kapasitet på to anlegg dersom det eine fell ut av produksjon. Fjell kommune må derfor sikre at dersom det nye vassverket i Kørilen blir sett ut av drift, må Fjæreide vassverk og Bildevatnet ha kapasitet til å forsyne abonnentane i kommunen kanskje opp mot eit år. I dag er kjeldekapasiteten om lag (dersom magasina er fulle)

- 900 000 m³ ved Fjæreide
- 250 000 m³ ved Bildevatn

Ved 90 % fyllingsgrad vil kjeldekapasiteten vere om lag 1 035 000 m³.

Kjeldekapasitet

Dersom folketalet er 50 000, vil vassforbruket vere kring 15 000 m³/døgn. Minstevassføring på 8 l/s utgjer 700 m³/døgn. I ein situasjon der Kørilen fell ut av produksjon, vil kommunen ha ein reserve til 65-73 døgn utan nedbør, avhengig av fyllingsgrad i magasinet. For å vere på den sikre sida bør kjeldekapasiteten utgjere minimum 120-150 døgn (helst 180 døgn) med tørrvêr.



Som figuren syner, er kjeldekapasiteten (dersom Kørilen fell ut) for liten allereie. Ein vil sjølvsagt arbeide med å få bukt med lekkasjeandelen og dermed indirekte auke kjeldekapasiteten noko.

Årsnedbør

Middelvassføring er berekna til 208 l/s, medan middelvassføring i eit tørrår er berekna til 34 l/s. Det vil truleg vere for konservativt å ta høgde for at vassverket på Kørilen fell ut samtidig med eit tørrår. Dersom middelvassføringa dette året ligg under 140 l/s, vil ein gå tom for vatn. Dersom det kjem to nedbørsfattige år på rad, vil sjølvsagt dette forverre situasjonen. Dersom Fjell kommune ikkje får høve til auke reguleringshøgda, vil vi på sikt kome i ein situasjon der vi ikkje oppfyller krava i drikkevassforskrifta om tilstrekkeleg sikkerheit i vassforsyninga. Vi er sjølvsagt klar over at det må gjerast ei avveging mellom dei ulempene tiltaket medfører, og behovet for å sikre vassforsyninga til innbyggjarane. Vi har likevel kome fram til at vi vil klage på avgjersla basert på desse punkta:

- 1) NVE har i sitt vedtak gjort eigne vurderingar knytt til kva behov Fjell kommune har for levering av drikkevatt. Vedtaket byggjer ikkje på dei krava som ligg i drikkevassforskrifta, og grunngjevinga byggjer på manglande innsikt i dei krava som gjeld for sikkerheit i vassleveringa.
- 2) Det er på det reine at det må utøvast eit visst skjønn i slike saker. Vi vil likevel peike på at forvaltningslova må gjelde, slik at kvar einskild søker får rettferdig handsaming samanlikna med andre som søker om konsesjon. Vi meiner (kanskje ikkje heilt objektivt) at levering av drikkevatt er minst like viktig som til dømes konsesjon til produksjon av vasskraft eller til næring/fiskeindustri.

Dersom vedtaket blir ståande, må Fjell kommune starte arbeidet med å sjå seg om etter andre vasskjelder. Dette vil medføre nye inngrep samt store investeringar i nye vassverk og tilhøyrande vassleidningar.»

NVE si vurdering av klagen

Klagen er gitt innan klagefristen og tilfredsstiller også andre vilkår for klagerett i forvaltningslova kapittel VI. NVE kan oppheve eller endre vedtaket dersom NVE er enig i grunngeving for klagen, alternativt sende klagen til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjersle.

NVE har vurdert klagen og funne at den skal takast delvis til følge. NVE ser at ei varigheit på fem år på tildelt konsesjon er noko kort i forhold til dei investeringane som er nødvendige. NVE er sjølv sagt einige med søkar i at drikkevassforsyning er eit svært viktig bruksområde for vatn, og vi vektlegg difor samfunnsnyttan sterkare enn vi ville gjort dersom bruksområdet var til dømes kraftproduksjon eller akvakultur, som søkar nemner i sin klage. Vi meiner likevel at det i dette tilfellet ikkje vil vere rett å gje ein tidsavgrensa konsesjon til ei regulering og eit vassuttak, som etter våre vurderingar vil ha svært uheldige konsekvensar for allmenne interesser knytt til anadom fisk, elvemusling og landskap/friluftsliv.

NVE vurderer det som uheldig med ein tidsavgrensa konsesjon, som gjev løyve til ei svært sterk grad av utnytting av vassdraget, når dette truleg ikkje kjem til å vere det reelle behovet i framtida.

Kommunen har søkt om Køren som ny hovudvasskjelde, og då må NVE rekne med at dette også vil vere den føretrekte vasskjelda. Vi ser at kommunen vil kunne ha behov for ei reservevasskjelde dersom noko skulle skje med hovudvasskjelda, men dette må reknast som eit unntak frå normalsituasjonen, og NVE finn det ikkje riktig at ein konsesjon på eit vassuttak med svært uheldige konsekvensar for allmenne interesser, i praksis skal gjere det mogleg å regulere vassdraget til ei kvar tid. NVE meiner at det vil vere betre om denne saka kan vurderast igjen når ein har fått ny hovudvasskjelde på plass. På denne måten vil ein kunne sørge for eit sett med vilkår som høver betre for ei vasskjelde som er tenkt som reservevasskjelde, og ikkje hovudvassforsyning slik tilfellet er i dag. Det vil sjølv sagt også vere anledning til mellombelse løyver dersom ein skulle komme i ein situasjon der Køren sviktar som vasskjelde.

NVE meiner at ein konsesjon til regulering og uttak av vatn frå Fjæreidevassdraget i første omgang ikkje bør ha varigheit lenger enn 10 år. Etter denne datoen står tiltakshavar sjølv sagt fritt til å søke om nytt løyve ut i frå dei behova ein då ser at ein har. FjellVAR AS har nok rett i at NVE ikkje kjenner til alle krav Mattilsynet stiller til leveringssikkerheit for drikkevatt, men vi kjenner heller ikkje til andre tilfelle der det har vore søkt om ei så sterk utnytting av eit vassdrag, som på sikt er tenkt å fungere som reservemagasin. NVE meiner at ein med ei avgrensa varigheit på konsesjonen vil ha anledning til å igjen vurdere konsekvensane for allmenne interesser, og korleis dei avbøtande tiltaka fungerer.

Endringsvedtak

NVE endrar vedtaket av 7.3.2017 ved at varigheit på konsesjonen vert forlenga frå 5 år til 10 år frå dette vedtaket sin dato. Andre vilkår knytt til den opphavlege konsesjonen gjeld framleis.

Heimel for endringsvedtaket er forvaltningsloven § 33 og vassressurslova § 8.

Klageadgang

Endringsvedtaket kan påklagast til OED av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunkt endringsvedtaket er komme fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage bør grunnjevast skriftleg, og skal stilast til OED og sendast til NVE. Vi føretrekker elektronisk oversending til vår e-postadresse nve@nve.no.

Rett til dekning av sakskostnadar

NVE gjer oppmerksam på at FjellVAR AS kan søke NVE om å få dekkja nødvendige sakskostnadar i samband med klagesaka. Dette er heimla i forvaltningsloven § 36.

Oppdatert vedtak

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev FjellVAR AS løyve etter vassressurslova § 8 til utvida regulering og vassuttak frå Fjæreidevassdraget til bruk som drikkevatn. Løyvet er tidsavgrensa til 10 år frå vedtaksdato, og gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Når det gjeld bakgrunn og grunngjeving for den delen av vedtaket som ikkje er endra, viser vi til det opphavlege vedtaket i NVE sitt brev av 7.3.2017.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon

Kopi til:

Bjørn Vindenes
Fjell kommune
FjellVAR AS v/Bjarne Ulvestad
Fylkesmannen i Hordaland
Geir Lodtz-Johannesen
Hordaland fylkeskommune
Sekkingstad Grunneigarlag v/Olav Oldervik
Sotra og Øygarden jeger- og fiskerforening
Øyvind Vindenes